

Ukraina treng hjelp i lang tid

14.03.2012



Tormod Myklebust har vore på tur nummer 6 til Ukraina

Ein viss framgang kan ein merka i Ukraina, men dette kjempelandet treng hjelp i lang tid framover. Den som slår dette fast er uskedelingen Tormod Myklebust, som no er heime att etter å ha gjennomført hjelpesending nummer 6 for stiftinga THK (tro, håp og kjærlighet) og har meldt seg på til nummer 7 til hausten. Turen tok denne gongen 10 dagar. Som før var semitrailaren full - med klede, sko, leikar og datautstyr som fylte 1200 sekkar. Knut Aarvik frå Haugesund var med Tormod.

Turen gjekk som fleire gonger før til byen Korosten, men denne gongen gjekk ruta ned via Danmark og Berlin og Tormod er imponert over kor gode vegane etterkvart har vorte, sikkert med hjelp av EU.pengar.

Grensepasseringa var også normal, med ei ventetid på berre 6 timar (!), men tollklareringa var det definitivt ikkje. Den førte til ein ekstra dag i reiseplanen på grunn av interne problem.

Dei to hadde

med returlast tilbake frå Polen og Danmark - det var vindauge og rør, Det vart til tider ein slitsam tur - med 120 mil som den llengste dagsetappen.

- Men eg held gjerne fram med desse turane. Eg er glad i å reisa og køyra bil og dessutan er dette ei meningsfylt form for reiseverksemd i motsetnad til andre turopplegg, seier Tormod som køyrer for Hjørnevåg når han er heime.

Det har vore ein kald vinter i Ukraina med temperaturar ned mot 30 grader. Tormod fekk inntrykk av at det var bra med mat i landet no men at prisane stig. Arbeidsløysa er framleis svært høg og mange verksemdar er ramma av konkurs. Eit lysglimt var det i Korosten - ein ny fabrikk med 400 tilsette som laga bygningsplater.

Men den hadde ei baksida i form av stor forureining.

Noko som imponerte Tormod var eit stort sal av frø

- ukrainarane er flinke til å stelle med hagene sine.

Det var ellers igang sysselsetjing i form av krattrydding langs hovudvegane.

Foto: Tormod Myklebust

Tekst: Ola Matti Mathisen